



Foto: Tommy Sævareid

Varaordførar Marie Bruarøy (H) opna turorienteringssesongen i fjor. I år har orienteringsklubben utvida tilbodet, mellom anna gjennom eit samarbeid med Arne Mæland (Foto: Tommy Sævareid)

Opnar tur-O-sesongen

Laurdag opnar Os orienteringsklubb tur-orienteringssesongen med å invitera osingane til «Finn fram på Øyro» inkludert Skulptur-O, Labyrint-O og brikkeløp.

Av: [Andris Hamre](#) Fredag, april 22, 2016 - 14:26

I april [i fjor lanserte Os orienteringsklubb tur-orienteringsvarianten «Stoplejakt».](#)

Laurdag klokka 14 inviterer dei turlagde osingar til sesongstart med nye og utvida varianter av lågterskeltilbodet.

– Nytt i år er samarbeidet med kunstnaren Arne Mæland og «Skulptur-O»-løypa kor vi har tatt i bruk multimedia via smarttelefon. Ta med deg telefonen din, så hjelper vi deg i gang, reklamerer Tommy Sævareid, leiar i klubben.

Høyr Os-songen

Dei fleste postane på Osøyro er kobla til ein skulptur eller eit kulturminne. På postane kan du til dømes sjå ein film frå 1934 med toget som den gong køyrdet på Osbanen eller høyra Songen til Os.

– Du kan òg finna fram til plassar du aldri har vore på Øyro eller vandra langs kyststien på ein ny måte.

På kyrkjeflaten riggar dei òg til ein labyrinth med 17 orienteringspostar. Du får utlevert eit kart med ei løype på, så er det berre å sjå om du kjem deg gjennom labyrinthen.

Antal poster i stolpejakta har klubben utvida frå 30 i fjor til 90 i år!

0 kommentarer

Sorter etter Eldste



Leng til en kommentar